



VEG I VEST

10 ÅR

BEDRIFTSAVIS FOR STATENS VEGVESEN, HORDALAND

VEGDIREKTORATET
- 2 SEP 1986
BIBLIOTEKET

STOR AUKE I FERJETRAFIKKEN

Sjå side 5

NR. 2 AUGUST 1986 ÅRGANG 10

NR. 2 – 1986
ÅRG. 10

REDAKTØR:
Torbjørn Opedal

I REDAKSJONEN:
Marianne Bergvall

REDAKSJONSRAÐ:
Josef Martinsen
Oddbjørn Lynghammer
Sigve Martinsen
Per S. Myhren
Alv Nilsen

Ragnhild Øverland Arnesen
(perm.)

Opplag: 2.500

Lay-out og sats:
Kvinnheringen A/S
Husnes

Trykk:
Finn Eide A/S
Bergen

Ettertrykk tillatt
– med kildeangivelse

INNHALD:

Optimisme er bra	3
Vallaviktunnelen – ein suksess	3
Nye håndbøker fra Vegdirektoratet	3
Omlegging av vedlikeholdsområdene i Hordaland	4
Stor trafikkauke med ferjene i Hordaland 1. Kvartal 1986	5
Tilleggsåret for oppsynet	6
Måbudalstunnelen	7
Museumskonferanse i Vegvesenet:	8
Ny ferje til BNR	9
Strekk tida di til?	10
Juridisk 5 minutt	11
Småteinsmurar – eit sjeldant syn	11
Folkefest i Øygarden	12
Røyking – det største miljøproblem i Vegvesenet?	14
Snudde skilt – hærverk for vaksne	15
Velferdsmidlane for 1986	15
Datastyrt trafikk	16
Saksbehandlaropplæring	18
God planlegging gir reduserte transportkostnader	19
Soga om «Steintrømmelen»	20
Postkassa	20
Vegmeisterskap i presisjonskøyning 1986	21
Personalnytt	22
Høvelførarkurs	23

Foto på framsida: Bilkøane på Knarvik ferjeleie berre aukar.
Foto: Erik Rønvik

Foto på baksida: Anleggsarbeid på Bolstad
Foto: Torbjørn Opedal

MANUSFRIST NR 3/86: **30. SEPTEMBER**

Optimisme er bra...



...men alt med måte. Då denne transporten køyrde seg fast under ei av gangbruene på Straumevegen, hjalp det lite korkje med dispensasjon eller forskriftsmessig eskorte.

Vallaviktunnelen — ein suksess

Det første året etter opninga av Vallaviktunnelen og omlegging av rutemønsteret i Indre Hardanger er no omme, og trafikktala for ferjesambandet Bruravik — Brimnes og Kvanndal — Utne — Kinsarvik for dei tolv første månadene ligg føre.

I tida mai 1985 — april 1986 vart det frakta tilsaman 454.642 bilar i desse sambanda.

Trafikken fordelte seg prosentvis slik:

Bruravik—Brimnes	61,8%
Kvanndal—Utne	23,3%
Kvanndal—Kinsarvik	12,0%
Utne—Kinsarvik	2,9%

Til samanlikning hadde ferjestrekninga Kvanndal — Kinsarvik 59,2% av totaltrafikken i tida mai 1984 — april 1985. I dette tidsrommet utgjorde trafikken Kvanndal

— Utne 13,1% og Bruravik — Brimnes 24,7%.

Trafikkfordelinga dette første året viser at det no er ferjesambandet Bruravik — Brimnes som er hovudsambandet over Hardangerfjorden.

Dei to siste vintrane har vegen over Hardangervidda vore open. Dette vil — saman med utbetring av vegen Brimnes — Eidfjord og stadig betre veg gjennom Måbødalen, føre til at stadig fleire nyttar denne vegen.

For små bilar til/frå Odda/Haukeliområdet, viser trafikkfordelinga at ferjesambandet Kvanndal — Utne har teke over som hovudsamband. Dei største køyretya som skal til/frå Odda/Haukeli må framleis nytte Kvanndal — Kinsarvik eller Bruravik — Brimnes.

Nye håndbøker fra Vegdirektoratet

127-KAPASITET I KRYSS

Veiledning 52 sider

Håndboken viser et samlet sett metoder for beregning av kapasitet og trafikkavviklingsforhold i ikke signalregulerte kryss.

108-PLÅBE versj. 86

Veiledning 43 sider

Hensikten med programmet er å beregne krefter i en ettspenns rett platebru med eller uten understøttelse av bjelker. Brukerne bør ha tilstrekkelig kunnskap og erfaring til å gi fornuftige inngangsdata til programmet og til å vurdere om resultatene er sannsynlige.

Programmet er tilgjengelig på ND 100/500 og Prime datamaskiner. Det kan kjøres fra terminal som interaktiv kjøring eller som satsvis behandling. Programmet er skrevet i Fortran 77.

113-PREBET versj. 86

Veiledning 49 sider

Hensikten med programmet er å beregne nødvendig armering for en prefabrikkert spennbetongbjelke. Brukerne bør ha tilstrekkelig kunnskap og erfaring til å gi fornuftige inngangsdata til programmet og til å vurdere om resultatene er sannsynlige. Programmet er tilgjengelig på ND 100/500 og Prime datamaskiner. Det kan kjøres fra terminal som interaktiv kjøring eller som satsvis behandling. Programmet er skrevet i Fortran 77.

128-INNLEIEREGLER

Retningslinjer 46 sider

Retningslinjer med standard tilbudsgrunnlag for tilbudsinnhenting ved innleie av private maskiner og lastebiler.

129-BRUREGISTER

Veiledning 85 sider

Inneholder koder og kodesystemer som skal brukes i brudateregisteret.

056-DRIFTSREGNSKAP-DRIFTSSTAT

Vegdata 267 sider

Regnskaps- og driftsresultater fra det interne regnskap i bearbeidet og hendig format.

Vegdirektoratet
Håndboksekretariatet

Omlegging av vedlikeholdsområdene i Hordaland

AV VEDLIKEHOLDSSJEF
ØIVIND SØVIK

Som et ledd i å bedre ressursutnyttelsen i vedlikeholdet, har Hordaland som en prøveordning på 2 år redusert antallet vedlikeholdsområdene fra 7 til 5. Ordningen trådte i kraft fra 1. des. 1985.

Dette innebærer at Hardanger og Voss er sammenslått til ett område og med vegmesterkontor på Bømoen på Voss. Tidligere vegmesterkontor i Norheimsund blir opprettholdt som oppsynsmannskontor. Vegmester for det nye området er Martin Sørensen.


I Sunnhordland er vedlikeholdsområdene i Etne/Ølen og Stord slått sammen til ett område og med vegmesterkontor på Vabakken på Stord. Vegmester er Lovis Ekse. I likhet med Norheimsund blir det tidligere vegmesterkontor i Ølen oppsynsmannskontor i det nye storområdet.

I forbindelse med den nye områdeinndelingen har det også funnet sted mindre justeringer av områdegrensene.

Vegmesterområdene er fra 1. des. 1985 følgende:
R 1 — Gjervik, Nordhordland
R 2 — Hop, Bergen
R 3 — Bømoen, Voss
R 4 — Vabakken, Stord
R 5 — Odde

Desentralisering og bedre service

Ordningen med store vegmesterområde stiller tildels nye og krevende oppgaver for vegmester og oppsyn. Videre er en av grunntankene med de store vegmesterområdene å ha ført nye oppgaver ut i distriktene fra hovedkontoret i Bergen for derved å kunne bedre servicetilbudet til publikum. For å forberede vegmestrene på disse nye oppgavene har Vegdirektoratet satt i gang tilleggsopplæring for vegmestrene. Fra Hordaland er to vegmestre med i denne omgang. Planen er at samtlige vegmestre skal gjennomgå denne tilleggsopplæring som vil danne basis for fremtidige kvalifikasjonskrav for vegmestre.



HAR DU STOFF TIL VEG I VEST?

Vi tek imot
alt med takk!

Skriv eller ring til:

Veg i Vest
STATENS VEGVESEN
HORDALAND
Vegkontoret
Spelhaugen 12
5033 Fyllingsdalen

Tlf 05-17 34 46 (direkte)
05-17 30 00 (sentral-
bord)

Stor trafikkauke med ferjene

i Hordaland 1. Kvartal 1986

I 1985 var trafikkauken med ferjene i Hordaland stor. Talet på frakta bilar auka med 6,8% og personar med 2,9% samanlikna med året før.

Til samanlikning vart det i statsbudsjetten for 1985 rekna med ein trafikkauke på 2% frå 1984 til 1985 for kjørety og det vart ikkje rekna med vekst i persontrafikken.

Millionen passert 1. kvartal

Den store trafikkauken som tok til i fjor held fram også i år. Trafikktala for 1. kvartalet 1986 viser at det vart frakta 1.089.175 bilar med ferjene i fylket.

Dette er ein auke på 110.195 bilar eller 11,3% samanlikna med 1. kvartal 1985. Dei tre første månadene vart det frakta 2.971.195 personar med ferjene. Dette er ein auke på 217.846 personar eller 7,9% samanlikna med same tid i 1985.

Ein auke i biltrafikken på over 11% er svært høg, særleg når vi samstundes har hatt to sterkt trafikkerte ferjesamband stengde i det aktuelle tidsrommet. Dette har gitt ein rein nedgang på tilsaman 12.500 bilar i dei aktuelle sambanda samanlikna med 1. kvartal 1985.

Stenging og ombygging

I ferjesambandet Siggjarvåg — Sagvåg har Siggjarvåg ferjekai vore stengd for all trafikk. Trafikkavviklinga over Rubbestadneset viser ein reduksjon i trafikken på vel 2.500 bilar 1. kvartal 1986 i høve til 1. kvartal 1985.

Ferjesambandet Breistein — Velestrandsfossen har vore stengd for biltrafikk. Biltrafikken til/frå Osterøy har gått over ferjesambandet Haus — Garnes. Trafikktala for 1. kvartal 1986 viser at den samla trafikken til Osterøy har gått ned med vel 9.900 bilar samanlikna med same tid i 1985.

Både sambandet til Osterøy og sambandet til Bømlo er samband med jevn trafikk og dei ville truleg



hatt ein trafikkauke som gjennomsnittet til selskapa dersom drifta hadde gått som vanleg.

Trafikktala for dei ulike selskapa viser følgjande auke i talet på transporterte bilar 1. kvartal i år:

	Biler:	(%)
Hardanger Sundhordlandske D/S:	44.973	(23,9%)
Bergen Nordhordland Rutelag:	41.352	(10,7%)
Rutelaget Askøy Bergen:	15.809	(7,3%)
Øygarden & Sotra Rutelag:	5.184	(34,6%)
Austevoll Ferjeselskap:	1.174	(40,3%)
Team Askøy — Bergen:	873	(21,6%)
Rutelaget Bergen - Vest:	830	(19,9%)

I første kvartal hadde følgjande fem strekningar størst auke i transporterte bilar:

1. Steinstø — Knarvik:	42.839	(16,9%)
2. Kleppestø — Bergen:	15.809	(7,3%)
3. Halhjem — Sandvikvåg:	7.089	(13,2%)
4. Skjersholmane — Valevåg:	5.809	(13,5%)
5. Leirvik — Sløvåg:	5.133	(43,0%)

I trafikktala for strekninga Steinstø — Knarvik har viteke omsyn til at ferjesambandet Salhus — Frekhaug vart lagt ned i første kvartal 1985 når vi samanliknar trafikken desse to kvartala.

Vi har elles vald å sjå vekk frå store endringar i trafikktala i samband som har vore stengde over lengre tidsrom på grunn av ombyggingsarbeid.

I Indre Hardanger har omlegginga av rutemønsteret etter opninga av Vallaviktunnelen ført til

stor auke i trafikken over Bruravik — Brimnes og Kvanndal — Utne medan Kvanndal — Kinsarvik har stor nedgang når ein samanliknar 1. kvartal 1986 med 1. kvartal 1985. Endringane i rutemønsteret i dette området er så store at det vil gje eit ukorrekt bilete dersom ein samanliknar trafikken dei to kvartala utan å ta omsyn til heile endringa. Vi har difor funne det rettast å ikkje ta med desse trafikktala her.

Björg Hestdal

TILLEGGÅRET FOR OPPSYNET

«Tilleggsåret»; vidareutdanningstilbodet for oppsynet, har vore lite omtala i VEG I VEST.

ØYSTEIN HAGESÆTER (28) som nyleg har kome attende etter å ha slete skulebenken i Oslo sidan august i fjor, ynskjer å slå eit slag for dette skuletilbodet. Her formidlar han nokre av dei inntrykk og tankar han har gjort seg om skulen. — Sjølv om behovet for tilleggsåret skulle vera stort, kan det sjanest vanskeleg å motivera folk, meiner Hagesæter. — Søkarmassen har gått drastisk ned i dei siste åra, og sist år hadde ein problem med å fylla dei to plassane frå Hordaland.

Tilleggsåret: Dette skoleåret var det første der alle elevene måtte gjennomgå tilleggsåret etter den nye ordningen.

Skoleåret 1984/85 kunne elevene velge om de ville gå opp til eksamen etter den nye ordningen eller etter den «gamle» tilleggsåret. Det «gamle» tilleggsåret var bare godkjent som etatsutdanning, mens

Fag: Siden vi ikke har 1. året på teknisk fagskole, måtte vi i tillegg til fagene på 2. året ta forkurset på 1. året i fysikk, mekanikk og matematikk I, med eksamen til jul.

Almenfag:

Norsk
Engelsk
Matematikk I

Tankar frå ein nybakt kandidat....

etter den nye ordningen blir elementærteknisk skole + tilleggsåret likestilt med 2-årig teknisk fagskole også utenfor staten. Siden vi må følge pensumet til 2. året på teknisk fagskole så er nok «vegvesenfagene» blitt skadelidende ved at timetallet er redusert.

Skolen: Undervisningen foregår ved Sofienberg tekniske fagskole i Oslo. Skolen har totalt ca. 700 elever spredt på ulike linjer og studieretninger. Og vår klasse utgjør 18 stykker av disse. Oppsynsklassen i år var det 23 kullet som har gått tilleggsåret ved Sofienberg tekniske fagskole


Kjemi
EDB

Tekniske fag:

Husbyggingsteknikk
Betongkonstruksjon
Geoteknikk/geologi
Bedriftsorganisasjon/
arbeidsledelse

Vegvesenfag:

Landmåling
Vegjus
Anleggsteknikk
Vegplanlegging
og utbygging



ØYSTEIN HAGESÆTER er fødd i 1958 og har vore i vegvesenet meir eller mindre samanhangande sidan 1978 — først som praktikant, og seinere — etter elementærteknisk skule i 1979-1980 — har han vore stasjonert i Matre som oppsynsmannsassistent på grus- og oljegrusproduksjonen der. Den 20. juni var han ferdig med tilleggsåret på Sofienberg tekniske fagskule i Oslo.

Det vil føre for langt å gå inn på hvert enkelt fag, men jeg vil trekke ut ett fag som blir en del av hverdagen for flere og flere av oss, EDB.

EDB er et nytt redskap som mange i oppsynet vil få befatning med. Og for mange av oss stod maskinen på kontoret når vi kom tilbake fra skolen. Når vi så har hatt EDB på skolen er det naturlig at det forventes at vi skal kunne bruke maskinen. Men med de få timene med EDB-undervisning fra skolen, som gikk ut på grunnleggende programmering og tekstbehandling, følte klassen seg stort sett «grønne» når det gjaldt bruk av ferdige programmer. Så med lærerekrefter fra vegdirektoratet gikk vi gjennom samme EDB-kurset som «vegmesterskolen». Programmene gikk direkte på vegvesenets drift, så vi følte at vi fikk tilført noe «matnyttigt».

Klassen: I år var 11 oppsynsmennsassistenter og 7 oppsynsmenn i aldersn 27 år til 42 år. Fra Austagder 1, Telemark 1, Buskerud 2, Akershus 2, Oppland 2, Hordaland 2, Møre og Romsdal 2,

Trøndelag 1, Nordland 3 og Finnmark 2.

Det var et godt miljø i klassen noe som gav positive resultat både faglig og sosialt.

Boligforhold: De av oss i klassen som ikke kunne bo hjemme var innlosert hos private, yrkesskolens hybelbygg i Oslo sentrum eller i brakkeleir på Nedre Rommen, like ved Stovner.

I brakkeleiren, der Hordaland vegkontor har 1 brakke, er det plass til 9 stykker. Brakkene er av svært varierende standard. Hordaland vegkontor sin brakke, som undertegnede bodde i, er en av de beste. Både når det gjelder selve brakken og utstyret i den. Alle brakkene er innredet med kjøkkenkrok, soverom, skrivepult og i de største var det sofagruppe.

Ellers er det i leiren oppholdsbrakke med sofagruppe, fargefjernsyn og mynttelefon. To vaskebrakker med 4 dusjer, 2 toalett, vaskemaskin og tørketrommel.

Bedriftsbesøk: Desverre fikk vi ikke tid til å besøke alle bedriftene som planlagt p.g.a. at den avsatte tiden ble brukt til EDB-undervisning. Men vi fikk besøkt de største maskin- og utstyrsleverandørene til Statens vegvesen. De gav alle uttrykk for at de alltid ville yte maks overfor sine kunder. Enten det gjaldt deleleveranse eller utvikling av nye maskiner og utstyr. Så da gjelder det for oss som kunde å komme med våre ønsker. Slik at vi får maskiner og utstyr som gjør oss i stand til å løse oppgavene våre enda bedre og billigere og gjøre oss konkurransedyktige.

Svensketur: Svensketuren er blitt et fast innslag og en fin avslutning på et langt skoleår. I år som tidligere var det Jens Fosshem fra vegdirektoratet som var reiseleder. Turen går over tre dager.

1. dag:

Avreise fra Oslo med buss. Ankomst i Sandviken på Sveriges østkyst utpå ettermiddagen. Der ble vi tatt imot av representanter fra Sandvik AB.

2. dag:

Besøk på Sandvik AB sin fabrikk for fremstilling av borstenger og

borkroner. For hvert trinn i produksjonen, som var svært mye automatisert, foregikk det grundige kontroller for å få et best mulig produkt og sile ut feilvarene.

Fra Sandvik AB blir de ferdige varene eksportert til kunder over hele verden. Videre gikk turen til Borås der Sandvik AB driver kontinuerlig testing av borstenger og borkroner. De har en labyrint av tunneler det det bores ca. 110.000 meter pr. år. I tillegg borer de 25-30.000 meter pr. år med pallboring i dagen.

3. dag:

ble vi hentet på hotellet i Avestad av representanter fra Vägverket, som altså tilsvarende vårt Statens vegvesen. Turen gikk til utkanten av Avestad der Vägverket holder på å bygge en ny riksveg. Lengde 8 km, veibredde 13 m, åpner høsten 1987, kostnad 72 millioner svenske kroner.

Vi fikk også informasjon om hvordan Vägverket er organisert. Som nok skiller seg noe fra vårt Statens vegvesen er organisert på. Men både Vägverket og Statens vegvesen har de samme hoved-

oppgavene, planlegging, prosjektering, bygging og vedlikehold av veier.

Besøkte Ingarvet vegstasjon i Falun vegmesterområde, eller arbeidsområdesomsvenskene kaller det. Vegstasjonene har stort sett samme funksjon som våre vegstasjoner.

Retur til Oslo: Alt gikk greit i Tollen. Var i Oslo sent på kvelden.

Utbytte: Faglig har det vært lærerikt og inspirerende. Men også det å komme i lag med «likesinnede» fra andre vegkontor å utveksle erfaringer og diskutere vegvesenet har vært positivt.

Vi hadde også lærerkrefter fra Vegdirektoratet, noe som gjorde at vi fikk en toveiskommunikasjon mellom to grupper innen vegvesenet som sjelden møtes. Og vi fikk diskusjoner og synspunkter om ulike felt i vegvesenet. Positivt var det at begge gruppene hadde ting å tilføre hverandre.


Selv om det til tider har vært arbeidsomt og lange dager så har det vært et fint å lærerikt år. Så nøl ikke med å søke, vegkontoret betaler.



Måbødalstunnelen

Med opninga av Måbødalstunnelen tidleg i sommar er nok ein bit av vegen gjennom Måbødalen lagt i fjell, og nok ein flaskehals på vegen mot aust er borte.

Museumskonferanse i Vegvesenet



Mikal Nordvang og Nils Nonås ved ein av dei godt bevarte traktorane.

Av Nils Nonås

Den 28. – 30. januar var det konferanse om museumsverksemda i Statens vegvesen på Kolbotn.


Frå Hordaland møtte Mikal Nordvang og Nils Nonås. På denne konferansen vart det lagt stor vekt på restaurering av gjenstander. Innsamlingsarbeidet rundt i kring landet er mange stader kome så langt at behovet for meir fagleg innsikt i korleis ein skal bevare tinga for ettertida er viktig.

Vi var ein halv dag på Forsvarsmuseet, der vi i tillegg til omvisning fekk sjå korleis dei restarerte tinga.

På konferansen fekk vi for første gong helsa på Geir Paulsrud, som nyleg er tilsett som museumsstyrer for det komande etatsmuseet ved Lillehammer. Det har vore utlyst arkitekttevling for utforminga av

museumsområdet. Fristen for innlevering av utkast gjekk ut 28. januar, så det skal verta spanande å sjå resultatet. Den store oppgåva for den nye styresaren vert å byggje opp dette

nye museet. Med det arbeidet som er gjort kring i fylka, så skulle det liggja godt tilrettes for at vegvesenet vil få eit etatsmuseum kor vi stolte kan visa fram historia vår.



Besøk på Berger Vegsentral, Akershus. Frå v. maskinleiar F. Angermo, Akershus, museumsstyrar Geir Paulsrud, Vegdirektoratet og antikvar O. Øveraas, Riksantikvaren.

Ny ferje til Bergen Nordhordland Rutelag



M/F «Austrheim» på Bergen havn. Biletet er utlånt frå BNR
Foto: Atelier Peders

Bergen Nordhordland Rutelag har fått overlevert ei ny 140-bilars ferje. Ferja er bygd ved Trønderverftet A/S, og har fått namnet «Austrheim».

Den nye ferja vart sett inn i rute i sambandet Steinestø — Knarvik i slutten av mars månad. Som følgje

av at den nye ferja vart sett inn i rute, er M/F Seimstrand (70-bilar) blitt overført til sambandet Breisten — Valestrandsfossen, og M/F Bruvik (50-bilar) er flytta til Fensfjordsambandet.

Då BNR fekk kontraheringstilsegn på den nye ferja, vart selska-

pet samstundes pålagt å selja to ferjer. Det er ferjene M/F Masfjord og Radøy, som begge er selde til Møre og Romsdal Fylkesbåtar. BNR har no 10 ferjer med ein samla kapasitet på ca. 650 personbileiningar.

Björg Hestdal

Opplever du at arbeidsdagen din er oppstykket og lite strukturert? Blir du stressa fordi du har problem med å få tida til å strekkja til? Kanskje løysinga på desse problema ligg i å nytta litt av tida di til å få til ein betre strukturering av arbeidsdagen. Her er nokre tankar om korleis du kan gå fram for å prøva å betra arbeidstilhøva dine.

Tidsregistrering

For å få finne ut om du nyttar dagen din effektivt, må du først finne ut kva tida di eigentleg går med til. Det kan du gjere ved at du i nokre dagar registrerer kva du gjer og kor lenge.

- Brukar du nok tid på dei viktigaste oppgavene?
- Kva bør eg prioritere?
- Blir eg ofte avbrotten, slik at

Delegering av arbeid føreset at du har nokon å delegere til. Derfor er det naudsynt at du utviklar og lærer opp dine underordna.

Arbeidsoppgavene må avgrensa klårt og alle medarbeidarane må vere informert om generelle retningslinjer (t.d. kvalitetssikring, produktivitet), målsettingar og andre forhold som er viktige for arbeidet.

Medarbeidarar som får meir ansvar og mynde vil ofte trivast betre.

Den tida som med dette blir ledig, kan bli nytta til planleggjing, effektivisering og utvikling.

DØME:

Oppsynet på anlegga kan delegere ein del arbeid til formenne som då får meir ansvar og ein meir interessant jobb, medan oppsynet kan bruke meir av si tid 'il andre saker.

- Det bør opplysast kor lang tid ein reknar med at møtet vil ta.
- Møtet bør ha ein møteleiar.
- Det bør skrivast referat, og ein må velje referent.
- Møtet bør ta til presis, sjølv om ikkje alle er komne.
- Sjå til at alle held seg til saklista.
- Sjå til at alle tek del i diskusjonen, og trekk konklusjonar.

Det kan mange ganger løne seg å stille ein del kritiske spørsmål til møtepraksisen, som f.eks.:

- Kan møtet sløyfast?
- Kan møtene haldast sjeldnare?
- Kan møtetida reduserast? (maks. 1,5-2 timar)?
- Kan deltakartalet reduserast?
- Treng du å vere til stades? Kan du klare deg med eit referat frå møtet?

Strekk tida di til?

arbeidsdagen blir veldig oppstykket?

- Er det tilstrekkeleg klårt kva ansvar og mynde eg har?
- Brukar eg nok tid til å effektivisere og utvikle meg sjølv og mine næraste medarbeidarar?
- Utviklar eg meg i arbeidet mitt?
- Er eg for lite/for mykje på min eigen arbeidsplass?
- Har eg delegert tilstrekkeleg med arbeid til andre?
- Går eg på unødvendige møter?

Reduksjon av tidbruken

Kan nokre av arbeidsoppgavene dine sløyfast?

Kan du leggja dagen opp annleis; t.d. ved at du legg arbeidsoppgaver som krev ro og konsentrasjon til ei anna tid på dagen?

Kan ein del av rutinearbeidet du gjer takast av andre?

Har du anna arbeid som kan delegerast til andre?

Noko av rutinearbeidet som oppsynet gjer kan overlatast til kontorassistentar, som kan gjere dette arbeidet billegare og kanskje meir effektivt.

Planleggjing av tida

Mot slutten av kvar månad bør du i store trekk planleggje arbeidet for komande månad. Meir detaljert set du i slutten av kvar veke opp plan over arbeidet neste veke.

Effektivisering av møter


Mykje tid går vekk til møter. Ofte er møtene dårleg planlagt, møtedeltakarane har ikkje førebudd seg osv.

Nokre gode råd for eit vellukka møteopplegg:

- Sørg for at alle får skriftleg innkalling som inneheld tid, stad og sakliste.
- Kvar emskild må få tid til å førebude seg.

Vi har her peikt ein del forhold som har stor innverknad på måten vi nyttar tida vår på. Å rasjonalisera med tida er ein viktig faktor for ressursutnyttinga i ein kvar organisasjon — her kan det vere mykje å hente. Særleg i ein etat som er hardt pressa personalmessig, kan bruken av tid verte ein strategisk faktor.

Mykje tyder og på at det ikkje er nok at organisasjons- eller avdelingsleiinga planlegg arbeidsoppgavene og tidbruken for dei tilsette. Ein stor del av kontrollen ligg hos den tilsette sjølv — deg og meg — og det er vi sjølve som kan og bør syte for at tida vert nytta effektivt. Meir planmessig bruk og betre utnytting av eiga tid vil ikkje berre føre til høgare produktivitet for etaten, men det har også ein vesentleg verknad på trivselen vår på arbeidsplassen — i form av mindre stress og opplevinga av å gjere betre nytte for seg i jobben.



JURIDISK 5 MINUTT

v/Jostein Søfteland

Køyrety påfører jamt dagleg skade på fast eigedom langs riks- og fylkesvegane. Er køyretyet kjent, blir det fremja erstatningskrav mot trygdelaget. Men ofte er køyretyet ukjent.

Etter bilbransjelova § 10, 2. lekken, skal skader på fast eigedom (og folk), som er valda av ukjent køyrety, dekkast av trygdela i lag som om køyretyet hadde vore lovleg trygda hjå dei.

For vegvesenet er bilansvarslova § 10, 2. lekken, aktuell ved skade på fast eigedom som til dømes

- vegbanen
- bruer
- utstyr i tunnelar
- utstyr langs vegane som rekkverk, skilt, anna varslingsmateriell.

Det kan setjast fram krav i alle dei høve skaden kan førast attende til eit køyrety og ansvaret er objektivt. Ein må imidlertid merka seg at skade sjølvstakt må avgrensast mot slitasje. Det er berre skader ein kan krevja erstatning for. Når det for eksempel gjeld stålrekkverk/guardrail, så skal det ikkje setjast fram krav om mindre bulkar som kvar for seg ikkje ville ha kravt erstatning.

Erstatningskravet må dokumenterast slik at det er klart at køyretyet ville vore ansvarleg dersom det hadde vore identifisert. Skadetidspunktet må vera så nøyaktig som mogleg, og det må opplystast om det har vore politietterforskning og om det eventuelt er spor (maling/glass osv) på staden. Ein bør så langt det er praktisk mogleg også ta bilete av skaden før utbetring finn stad.

Erstatningskravet må snarast mogleg fremjast overfor Trafikk-

Skade på fast eigedom valda av ukjent køyrety

forsikringsforeningen, og det er juridisk seksjon ved vegkontoret som handsamar sakene.

Notat om skaden, med dei data som er nemnd ovanfor, samt spesifisert kostnadsoverslag, skal sendast Vegkontoret v/juridisk

seksjon. Melding om skaden må sendast sjølv om ein ikkje straks har oversikt over kostnaden. Idesse høve er saksgangen at vi varslar Trafikkforsikringsforeningen om saka og at vi vil koma attende med krav når vi har oversikt over reparasjonskostnadene.

Småsteinsmurar — eit sjeldant syn



Småsteinsmurar — eit eksklusivt lite byggverk utført av anleggssavdelinga sine murekspertar. Her eit eksemplar av arten på kaia i Bruravik. Dei finst berre eit par plassar i fylket.

Nokre få plassar i fylket kan ein sjå slike pene, forseggjorte murar, til avveksling frå gråstein og betong. Mange har lurt på kva det eigentleg er, og korleis dei er laga. Murane er kalla Gabionmurar, men i vegnormalane er dei og kalla trådkurv murar. Anleggssjef Bengt Drageset fortel at det er både fordelar og ulemper ved murane.

— Ein klar fordel er at vi på denne måten kan bruke stein som vi elles ikkje kunne ha mura med, for småsteinen kan ikkje brukast til å mure med åleine. Men her er stålnetting sett opp i burform som steinen vert lagt ned i, og dermed kan ein bruke småstein der den naturleg fins i området, seier Drageset.

— Ein annan føremon er at naturen er drenerande, dvs. at den slepp vatn gjennom i motsetnad til betong. Men ein må vera påpasseleg når steinane på framsida blir lagt ned, elles vil sidene bule ut her og der, og det vil ikkje bli pent. Og då har detinga hensikt, for grunnen til at vi lagar dei er jo at det skal vere eit estetisk innslag på vegensom glir godt inn i naturen.

Då vi bygde den første muren for 12 år sidan, kom den på halve prisen av ein betongmur. Seinare har det blitt noko dyrare, så her i Hordaland satsar vi i dag som regel på tørre småsteinsmurar, seier anleggssjefen.



Opninga av Rongøysundet vart




FOLKEFEST I ØYGARDEN



Med opninga av Rongøysundet bru den 18. april er det siste store bru prosjektet på Øygardsvegen avslutta og Øygarden er «samla til eitt rike». Opninga vart markert med stor festivitas som varte «tri heile dagar til ende».

Folk frå nær og fjern — gamal som ung — hadde gått «mann av huse» for å vera med då den raude snora vart kutta. VEG I VEST var til stades med kamera og dekte hendinga.





Røyking – det største

miljøproblem i Vegvesenet?

Vi har i det siste hatt mange diskusjoner om røyking, både offisielt i arbeidsmiljøutvalget (AMU) og uformelt i kantinen og forskjellige arbeidsplasser. Spørsmålet har også blitt tatt opp med den enkelte ved bedriftshelseundersøkelsene.

Hvorfor denne store fokuseringen på røyking?

Svaret er enkelt. Sammenlignet med arbeidsmiljøfaktorer og miljøforurensing generelt er røyking den største enkeltfaktor som årsak til sykdom. Skal det ha noen hensikt å bedre arbeidsmiljøet,

net med kontorpersonalet og biltilsynet. Innen biltilsynet utmerket Odda-kontoret seg med lav røykeprosent, noe som ga stort utslag på gjennomsnittet for biltilsynet. En videre oppdeling i forskjellige yrkesgrupper er ikke foretatt av personvern hensyn.

Resultatene viser at gjennomsnittlig ligger max. utblåsningshastighet på 46,6 % i røykegruppen, mens den er 101,0 % i ikke røykegruppen. Altså en klar forskjell her som uttrykk for markerte endringer i slimhinnene i luftveiene ved røyking. Som alltid i statistikken vil mange enkeltresultater skille seg fra disse gjennomsnittsverdiene, men statistikken viser klare tall.

Også lungekapasiteten viste noe forskjell i de 2 gruppene, med gjennomsnitt 91,6 % i røykegruppen og 94,7 % i ikke røykegruppen.

Av bedriftslege Jostein Waage

må vi derfor starte med denne viktigste faktoren. Å sitte og diskutere bedringer i arbeidsmiljøet i et lokale som fylles av egenprodusert røyk, er et paradoks som vi ikke kan være bekjent av.

De medisinske skadevirkningene av røyk er så vel kjent at jeg ikke vil gå særlig inn på dem. Som eksempler kan nevnes lungekreft, hjerteinfarkt, nedsatt blod sirkulasjon til bena, hjerneslag luftveisinfeksjoner, redusert drenering av støv fra luftveiene, bronkitt og ørebetennelse hos barn der foreldrene røyker, nedsatt fødselsvekt og økt komplikasjonsfare ved fødsel når moren røyker i svangerskapet. Ryggplager kan også påvirkes ved at ernæring av mellomvirvelskivene reduseres.

Status ved Hordaland vegkontor

Statistikken over røykere i vegvesenet viser at 46,6 % av de ansatte røyker. Dette er noe i overkant av gjennomsnittet i befolkningen. Fordelt på kontorpersonalet, utedrift og biltilsyn er røykeprosenten henholdsvis 43,4 %, 47,4 % og 42,9 %. Det er altså flest røykere i utedriften sammenli-

Lungefunksjonstesting

